

Bergen, 2.8.1983
OM/AN

Ashjøp

412.5 Makrell

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

J. 89/83

ENDRING AV FORSKRIFTER OM REGULERING AV FISKE ETTER MAKRELL MED RINGNOTFARTY
PÅ 70 FOT L.L. ELLER MEIR SØR FOR 62°N OG I SKAGERRAK.

Med heimel i §§ 1 og 4 i lov av 17. juni 1955 om saltvannsfiskeria og
§§ 6 og 10 i lov av 16. juni 1977 om reguleringa av deltagelsen i fiske
er det ved kgl. res. 22. juli 1983 fastsett følgjande endringar i kgl.
res. av 10. juni 1983:

§ 5 tredje ledd (nytt) skal lyde:

Fiskeridirektoratet kan dispensere frå første ledd.

§ 8 (ny):

Fiskeridepartementet kan endre forskriftene.

§ 8 blir ny § 9 og § 9 blir ny § 10.

Etter desse endringane har forskriftene fått følgjande ordlyd:

§ 1

Det er forbode for ringnotfarty på 70 fot lengste lengde eller meir å
fiske makrell i Noregs økonomiske sone sør for 62°N og i Skagerrak.

§ 2

Konsesjonspliktige ringnotfarty kan utan hinder av forbodet i § 1 fiske
inntil 7.300 tonn makrell til menneskemat frå 15. august 1983.

Fiskeridirektøren fastset fartykvote på grunnlag av talet deltagande
farty.

Ingen kan levere meir enn 100 tonn pr. tur. Farty kan likevel innanfor
fartykvoten levere inntil 150 tonn på siste turen.

Fiskeridirektøren kan gjere unntak frå reglane i tredje ledd for farty
med fryseanlegg og fastsetje særskild turkvote for slike farty.

§ 3

Farty nemnd i § 2 som skal ta del i fisket, må melde frå skriftleg til
Fiskeridirektøren. Fiskeridirektøren kan fastsetje frist for påmelding.

Farty som er med i dette fisket, kan ikkje ta del i sommarlodddefisket i
Barentshavet i 1983.

§ 4

Det er forbode for farty som er tildelt kvote etter § 2 å fiske makrell
innanfor 40 n.m. av grunnlinene sør for 59° N.

§ 5

Ringnotfarty på 70 fot lengste lengde eller meir men under konsesjonsplikta (jfr. forskrifter av 2. mars 1979) og som har levert makrellfangst fiska i område nemnd i § 1 i 1981 og/eller 1982, kan utan hinder av forbodet i § 1 fiske samla inntil 1.400 tonn makrell til menneskemat.

Ingen farty kan leveire meir enn 75 tonn pr. tur.

(nytt)

Fiskeridirektoratet kan dispensere frå første ledd.

§ 6

Når kvotane nemnd i § 2 eller § 5 er pårekna oppfiska kan Fiskeridirektøren stogge fisket for vedkomande fartygruppe.

§ 7

Sild- og brislingfangstar kan ha inntil 20 % makrell i vekt ved kvar landing.

Hestmakrellfangstar kan ha inntil 10 % makrell i vekt ved kvar landing.

Makrellfangstar kan ha inntil 5 % sild i vekt ved kvar landing.

Fiskeridirektøren kan fastsetje reglar om prøvetaking og kontroll av fangstar nemnd i denne paragrafen.

§ 8

Fiskeridepartementet kan endre forskriftene.

§ 9

Forsettlege eller aktlause brot på desse forskriftene vert straffa med bøter med heimel i § 69 i lov av 17. juni 1955 om saltvannsfiskeriene eller § 11 i lov av 16. juni 1972 om regulering av deltagelsen i fisket.

§ 10

Desse forskriftene tek til å gjelde straks.
